

Årsak til klage på avslag om sluttutbetaling av Småsamfunnssatsinga 2010. Tilsegn om tilskot kr. 100.000,-

LivOglyst Kårbø har av Fylkeskommunen og Fylkesmannen vore trekt fram som ein av dei prosjekta der ein verkeleg har fått til noko. Det er fleire årsaker til dette og følgjande punkt er ikkje uttømmande:

Samfunnshuset er restaurert og teke i bruk, det er kome vatn og avlaup til bygda (noko som var heilt avgjerande for m.a. næringsutviklinga), mykje av kulturlandskapet er restaurert og blir skjøtta med skogsdrift, slått og beite, lokal infrastruktur er styrka med m.a. kai, rasteplassar, postkassestativ, og restaurering av gamle ferdsleveggar, bygdedagar vert arrangert.

Kystkulturen vert teke vare på gjennom etablering av kystlaget.

Ein har fått eit godt samarbeid mellom fastbuande og hytteeigarar.

Det mest imponerende er kanskje den næringsutviklinga som bygda har hatt sidan starten av livOglyst i 2008. På 3 fråflytta og falleferdige bruk er det no kome barnefamiliar som har skapt ny glød og positivitet, og ikkje berre på Kårbø, men også i nabobygder og i regionen elles.

Jan Atle og Ann Sofi har frå ingen ting bygd opp ei serverings – og reiselivsverksemd med millionomsetnad og fleire ansatte, Helge og Oddveig har vorte viden kjent for si satsing på frukt, grønt og hjort. Det kjem folk langvegs frå for å handle på gardsutsalet og for å få auka kunnskap om planting, dyrking og hjorteforvaltning. Helge er også på Bondens Marknad i Bergen med sine varer. Rene og Silje er satsa store beløp på å byggja opp eit ridesenter der dei mellom anna tilbyr ridetimar til funksjonshemma. Dei har også restaurert ein unik fiskebåt der dei tilbyr grupper å få oppleve fiske og fangst på tradisjonelt vis.

Satsinga har også fått positive ringverknader for nabobygdene der ein m.a. har fått etablert serveringslokal og Pub i fråflytta forretningslokale. Fleire gardbrukarar leverer råvarer til serveringsverksemda og dei samarbeider med andre gardbrukarar om ulike reiselivsprodukt.

Utviklinga av eldmerket som identitetsmerke for produkta har ein ikkje prioritert hittil. Årsaka til dette er at ein rett og slett har hatt det for travelt med å selja varer og tenester i marknaden. Utvikling av logoar, nettsider og reklame vert sjølvstøtt nedprioritert når ein har nok med å handtera alle førespurnader og kapasiteten er sprengd.

Me som var med i styringsgruppa ser at det på sikt kanskje hadde løna seg å fått inn ein administrator som også kunne styre salsarbeidet for å utvikla konseptet vidare.

Samarbeidet med styringsgruppa som inkluderte representantar frå Fylkesmannen og Fylkeskommunen var veldig god dei 2 fyrste åra der ein var på felles samlingar og fekk ei felles forståing for utviklinga av prosjektet. Men etter utskifting av representantar for dei 2 ovanne nemnde institusjonar forsvann mykje av den skriftlege og munnlege dialogen. E-postar vart ikkje besvart og møter vart avlyst.

Alle næringsdrivande i bygda var i denne perioden involvert i utvikling av verksemdene sine og hadde sjølvstøtt mykje spørsmål og usikkerheit relatert til eiga satsing. Underteikna og landbrukssjefen i kommunen var sterkt involvert i prosjektet i denne perioden og opplevde stor frustrasjon over mangel på dialog med Fylkeskommunen.

Landbrukssjefen fekk fleire gonger Meland kommune til å forskottera løyvde midlar slik at prosjektet ikkje skulle stoppa opp i ein, for prosjektet, svært sårbar fase. Eg vil påstå at landbrukssjefen i kommunen i denne perioden gjorde mykje meir for prosjektet enn ein kunne forventa. Ho var også den som styrde økonomien i prosjektet. I tillegg kom alt arbeidet med rettigheitar og rettssaker knytt til Kårbø kai.

At Fylkeskommunen no gjev avslag på sluttutbetaling og set Meland kommune ved Landbrukssjef igjen med "svarteper" på midlar som allereie er forskottert finn eg sær sursurimeleg. Handlingsplanar, aktivitetsplanar, milepælar m.m. er tidlegare lagt fram og godkjent av m.a. prosjektleiar hjå Fylkeskommunen. Underteikna og Landbrukssjefen i Meland deltok også på m.a. matfestival med styringsgruppa i Eidfjord og studie i Samfunnsentreprenørskap ved Høgskulen for bygdeutvikling der ein også orienterte om utviklinga av livOglyst Kårbø.

Underteikna finn på dette grunnlag det heilt rett å be om at Fylkeskommunen betalar ut løyvde midlar.

Ved eventuelle spørsmål til dette ta gjerne kontakt med underteikna på tlf. 95061191.

Venleg helsing

Vigleik M. Ypsøy

Prosjektleiar for livOglyst Kårbø